

VALLE KOMMUNE – KONTROLLUTVALET

MØTEBOK

Møte nr. 04/24

Dato: 02.10.24 kl. 13.00 – ca. kl. 14.20.

Stad: Kommunehuset, kommunestyresalen.

<u>Til stades:</u> Olav K. Hovet, fung. leiar Lill-Grethe Tveiten Homme, medlem Liv Bratlie Løyland, medlem <u>Forfall:</u> Knut Erik Paulsen, leiar Knut Olav Tveiten, medlem	<u>Andre til stades (heile eller deler av møtet):</u> Agder Kommunerevisjon IKS v/ Tor Ole Holbek, Tommy Pytten og Maren Stapnes Agder Sekretariat v/ Inger Lise Austrud
--	---

Det var ikkje merknader til innkalling og saksliste.

SAKSLISTE

SAK 16/24	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 24.06.24
SAK 17/24	OVERORDA REVISJONSSTRATEGI 2024 VALLE KOMMUNE
SAK 18/24	ETTERLEVELSESKONTROLL MED ØKONOMIFORVALTNINGA
SAK 19/24	RISIKO OG VESENTLIGHETSVURDERING FORENKLET ETTERLEVELSESKONTROLL - VALLE KOMMUNE
SAK 20/24	BUDSJETT FOR KONTROLLARBEIDET I VALLE KOMMUNE 2025
SAK 21/24	BESTILLING AV FORVALTNINGSREVISJON
SAK 22/24	REVISOR ORIENTERAR

Fast post

Videre arbeid i kontrollutvalet:

Eventuelt

Referatsak

Ref. 08/24 Tilsynsrapport Statsforvaltaren – pedagogisk bemanning Valle kommune

Underskrift

Olav Hovet
Fungerande leiar

Kopi av møteboka sendes: Ordførar, kommunedirektør, revisor, postmottak og Setesdølen

SAK 16/24 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 24.06.24

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. *Møteprotokoll frå kontrollutvalets møte 24.06.24 vert godkjent.*
2. *Leiar får fullmakt til å underteikne møteprotokollen*

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Forslag til møteprotokoll frå møte 24.06.24

Bakgrunn for saka:

Forslag til protokoll frå møte 24.06.24 vert lagt fram for godkjenning.

Framlegg til vedtak:

1. Møteprotokoll frå kontrollutvalets møte 24.06.24 vert godkjent.
2. Leiar får fullmakt til å underteikne møteprotokollen

SAK 17/24 OVERORDA REVISJONSSTRATEGI 2024 VALLE KOMMUNE

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar overordna revisjonsstrategi 2024 for Valle kommune til orientering.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Overordna revisjonsstrategi 2024 frå Agder Kommunerevisjon IKS datert 16.08.24

Bakgrunn for saka:

I følgje kommunelova § 23-2, 1.ledd bokstav a, skal kontrollutvalet sjå til at kommunens rekneskap vert revidert på ein betryggande måte.

I forskrift om kontrollutval og revisjon §3 står det at kontrollutvalet skal halde seg løpande orientert om revisjonsarbeidet og mellom anna sjå til at:

- a) *kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b) *regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor*

Orientering om overordna revisjonsstrategi og revisjonens risikovurdering er eit viktig ledd i kontrollutvalets arbeid med å følgje opp påse-ansvaret i forhold til rekneskapsrevisor.

Overordna revisjonsstrategi omfattar heile kommunen og beskriv revisjonens formål, foreløpig risikovurdering, kommunens økonomi, informasjon om kommunens risikostyring og økonomiske internkontroll, fastsetting av vesentlighetsgrense og revisjonsplan. Strategien er det overordna planleggingsdokumentet for gjennomføring av rekneskapsrevisjon. Revisjonen vil gjennomgå revisjonsstrategien i møte og svare på eventuelle spørsmål.

Vurderingar:

Formålet med kontrollutvalets handsaming av overordna revisjonsstrategi er i hovudsak å ivareta kontrollutvalets påse-ansvar i forhold til rekneskapsrevisjon.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tar overordna revisjonsstrategi 2024 for Valle kommune til orientering.

SAK 18/24 ETTERLEVELSESKONTROLL MED ØKONOMIFORVALTNINGA**Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar revisors attestasjonsuttale frå forenkla etterlevelseskontroll til orientering.

Saksutgreiing:**Sakshandsamar: Inger Lise Austrud****Vedlegg:**

Attestasjonsuttale frå Agder Kommunerevisjon IKS datert 26.06.24

Bakgrunn for saka:

Revisor har utført eit attestasjonsoppdrag i samband med Valle kommunes etterleving av føresegner og vedtak for økonomiforvaltninga knytt til området eigenandel for beboar på institusjon – langtidsopphold.

Revisor har kontrollert følgande:

- Har kommunen fastsatt rutiner for etterberegning av betalingssatser for beboere på institusjon?
- Gjennomfører kommunene årlige etterberegning av betalingssatser for beboere på institusjon når skatteoppgjøret foreligger?
- For de kontrollerte sakene har kommunen gjennomført tilbakebetaling ved avdekket for mye betalt egenandel/har kommunen krevd tilleggsbetaling ved avdekket for lite betalt egenandel?

Uttalen gjev moderat sikkerheit for konklusjonen, altså er det ikkje like strenge beviskrav som til ei revisjonsberetning.

Saksopplysingar:

Kommunestyret skal sjå til at uavhengig instans med kunnskap om økonomiforvaltninga vurderer rutinane. Kommunestyret skal og sjå til at slike rutinar er etablert og overhaldt. Kontrollutvalet er kommunestyrets tilsynsorgan og det ligg til utvalet å føre tilsyn med kommunens forvaltning på kommunestyrets vegne.

For øvrig er revisors konklusjon som følger:

Konklusjon:

Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt oppmerksomme på noe som gir oss grunn til å tro at Valle kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd de kontrollerte bestemmelsene i forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester §3, 6 ledd om årlig kontrollberegning av egenandelens størrelse ved langtidsopphold.

Vurderingar:

Forenkla etterlevelseskontroll erstatter ikkje den ordinære rekneskapsrevisjon eller forvaltningsrevisjon, men kan sjåast på som eit supplement. For kontrollutvalets del er ansvaret avgrensa til å sjå til at det vert gjennomført, og halde seg orientert om risiko- og vesentlighetsvurdering samt resultatet frå kontrollen.

Forenkla etterlevelseskontroll styrker kontrollutvalets grunnlag for ivareta sitt ansvar for å føre kontroll med at økonomiforvaltninga er i samsvar med føresegner og vedtak.

Kommunedirektør er ansvarleg for å etablere administrative rutinar som sørger for at økonomiforvaltninga er i tråd med føresegner og vedtak, og at økonomiforvaltninga er gjenstand for betryggande kontroll.

Revisor vil i møtet orientere om resultatet av forenkla etterlevelseskontroll og svare på eventuelle spørsmål.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tar revisors attestasjonsuttale frå forenkla etterlevelseskontroll til orientering.

**SAK 19/24 RISIKO OG VESENTLIGHETSVURDERING FORENKLA
ETTERLEVELSESKONTROLL - VALLE KOMMUNE**

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar risiko- og vesentlighetsvurdering for forenkla etterlevelseskontroll med økonomiforvaltninga i Valle kommune til orientering.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Risiko og vesentlighetsvurdering for forenkla etterlevelseskontroll frå Agder Kommunerevisjon IKS, datert 06.09.2024

Bakgrunn for saka:

I kommunelova § 24-9 står det følgande om revisors oppgåve:

Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.

Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.

Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.

Saksframstilling:

Ansvar for oppgåva er lagt til rekneskapsrevisor og det er i lova lagt opp til ein uttale på utført arbeid med moderat sikkerheit.

Det kjem fram av risiko- og vesentlighetsvurderinga at revisor etter ei samla vurdering har valt ut området: Overholdelse av regelverket for offentlige anskaffelser – protokollplikt ved kjøp av varer og tjenester mellom 0,1 mnok og 1,4 mnok.

Revisor vil sjå på etterleving av følgande forhold:

- *Er vesentlige forhold for gjennomføringen av anskaffelsen nedtegnet i en protokoll?*
- *Er det gjennomført en frivillig kunngjøring av konkurransen?*

Forenkla etterlevelseskontroll med økonomiforvaltninga vil bli gjennomført og rapportert til kontrollutvalet innan den fristen som lova har satt, 30. juni 2025. Rekneskapsrevisor vil vere til stades i møtet.

Vurdering:

Forenkla etterlevelseskontroll erstattar ikkje den ordinære rekneskapsrevisjon eller forvaltningsrevisjon, men kan sjåast på som eit supplement. For kontrollutvalets del er ansvaret avgrensa til å sjå til at det gjennomførast, og halde seg orientert om risiko- og vesentlighetsvurderinga, samt resultata frå kontrollen.

Forenkla etterlevelseskontroll styrkar kontrollutvalets grunnlag for ivareta sitt ansvar for å føre kontroll med at økonomiforvaltninga foregår i samsvar med føresegner og vedtak.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tar risiko- og vesentlighetsvurdering for forenkla etterlevelseskontroll med økonomiforvaltninga i Valle kommune til orientering.

SAK 20/24 BUDSJETT FOR KONTROLLARBEIDET I VALLE KOMMUNE 2025

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. *Kontrollutvalet tilrår en budsjetttramme for kontrollarbeidet i Valle kommune for 2025 på kr 1 133 500*
2. *Kontrollutvalets budsjettframlegg skal uendra følge det samla budsjettframlegget for kommunen til kommunestyret.*

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Willy Gill

Vedlagte saksdokument:

1. Vedteke budsjett for Agder Sekretariat
2. Agder Kommunerevisjon IKS – delbudsjett Valle 2025

Bakgrunn for saka:

Kommunen skal ha ei forsvarleg revisjonsordning og eit uavhengig sekretariat. Budsjettframlegget inneheld difor lovpålagte oppgåver. Budsjettframlegget er delt inn i 3 hovudgrupper; kontrollutvalet sine utgifter, utgifter til revisjonstenester og til sekretariat.

Kommunal- og Moderniseringsdepartementets Veileder om kontrollutvalets rolle og oppgåver s. 16, seier bl.a. at: Kontrollutvalet skal utarbeide framlegg til budsjett. I budsjettet må kontrollutvalet synleggjere kontrollutvalets egne kostnader og kostnader knytt til revisjonsaktiviteter.

Videre står det noko om kven som kan gjera endringar i kontrollutvalets budsjett: Budsjettframlegg frå kontrollutvalet kan berre endrast av kommunestyret.

Grunnen til at kontrollutvalets budsjett er i ei særstilling, er at utvalet skal vere fritt og uavhengig av dei organa som utvalet skal kontrollere. Kontrollutvalets budsjettframlegg skal difor uendra følgje det samla budsjettframlegget til kommunestyret, slik at kommunestyret ved budsjetthandsaminga har naudsynt informasjon om kva for eit budsjett kontrollutvalet treng for å utøve sin funksjon. Når det gjelder betaling for tenester som vert kjøpt av revisjonsselskapet og sekretariatet for kontrollutvala, vert desse fastsett av hhv. representantskapet for revisjonen og av styret for sekretariatet og kan berre endrast av desse.

Agder Sekretariat, vedteke budsjett.

Driftstilskotet skal dekke den normale aktiviteten i kontrollutvalet, frå sakshandsaming til utsending av innkallingar og utskrifter, oppfølging av kontrollutvalets vedtak, arkivhald med meir.

Agder Sekretariat KO er omdanna til eit kommunalt oppgavefellesskap og det er representantskapet som har fastsett budsjettet for 2025.

Agder Sekretariat KO har 13 eigar- og deltakarkommunar etter kommunesamanslåingane frå 01.01.20, medan det tidlegare var 16 kommunar.

Tidlegare auke i budsjettet har ikkje vore stilstreккеleg for å få økonomien i balanse etter tidlegare år med nullvekstgifter og auka lønns- og prisvekst. Dei seinare åra har vi tært på fondsmidlane (tidlegare års overskot) for å gjere opp rekneskapen. For å kome i balanse i 2025, må etterslepet dekkas inn og det må derfor leggest inn ei inntektsauke i budsjettet høgare enn forventa pris- og lønnsvekst for 2025.

Ein har tatt utgangspunkt i rekneskapstal for 2023, tillagt lønns- og prisvekst for 2024, samt forventa vekst for 2025.

I samband med organisasjonsendring frå §27-samarbeid etter gamal kommunelov til kommunalt oppgavefellesskap etter ny kommunelov med verknad frå 01.11.23, er det også

innført ny modell for fordeling av sekretariatets utgifter. Kriteria for fordeling av utgiftene er ein fast andel, samt ein variabel del som vert berekna med utgangspunkt i antal innbyggjarar og antal møte i kontrollutvala. Det foretast avrekning året etter budsjettåret slik at sekretariatets utgifter vert fordelt ut frå avlagt rekneskap og oppdaterte tall for antal innbyggjarar og antal avholdte møte.

Det er budsjettert med fem (5) møter i kontrollutvalet i 2025.

Den nye beregningsmodellen medfører at driftstilskotet for Valle kommune til Agder Sekretariat vert auka frå kr. 157.000 i 2024 til kr. 179.000 i 2025, jf. forklaring ovanfor.

Deltakartilskotet for 2025 vert fordelt som følger etter ny fordelingsmodell:

Tabell: Utvikling i deltakartilskott

Deltakarkommune	Tilskot 2025 (B)	Tilskot 2024	Tilskot 2023
Evje og Hornes	199.000	175.000	151.000
Bygland	178.000	157.000	151.000
Bykle	178.000	156.000	151.000
Farsund	244.000	216.000	196.000
Flekkefjord	240.000	211.000	196.000
Hægebostad	183.000	161.000	151.000
Iveland	180.000	158.000	151.000
Kvinesdal	216.000	190.000	179.000
Lindesnes	362.000	319.000	325.000
Lyngdal	264.000	233.000	234.000
Sirdal	184.000	161.000	151.000
Valle	179.000	157.000	151.000
Åseral	176.000	155.000	151.000

*) Avrunda til næraste hele 1000 kr.

For nærare informasjon vises det til vedlagte budsjettsak for Agder Sekretariat.

Agder Kommunerevisjon IKS:

I medhald av lov om interkommunale selskap § 18 og 20 skal representantskapet vedta budsjett for komande kalenderår og ei gong i året vedta selskapets økonomiplan.

I medhald av selskapsavtalen ligg det til representantskapets mynde å vedta budsjett og økonomiplan, herunder å bestemme den nærmare fordelinga av utgifter på den enkelte kommune og verksemd. Vedteke budsjett/økonomiplan skal sendast eigarane innan 10. oktober før budsjettåret for innarbeiding i deltakarkommunens årsbudsjett.

Sekretariatet har motteke delbudsjett for 2025 frå Agder Kommunerevisjon IKS. Der det er lagt inn ei auke i tilskotet til revisjonen frå kr 730 000 til kr 767 000, som er ei auke med 5% frå året før.

I tillegg kjem kr 59 500 til forenkla etterlevelsesk kontroll. Samla revisjonstilskot for 2025 utgjer dermed kr 826.500.

Tilskotet skal dekke rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll m.m.

For ytterlegare informasjon om budsjettet syner ein til det vedlagte delbudsjett frå revisjonen.

Revisjonen vil vere til stades i møte og kan kommentere budsjettet ytterlegare og svare på eventuelle spørsmål.

Kontrollutvalet sine utgifter:

Budsjettet for kontrollarbeidet skal omfatte kontrollutvalets samla verksemd. Alle postar under kontrollutvalets arbeid foreslås behaldt uendra frå 2024.

Budsjettframlegget:

Det framlagte budsjettframlegg for kontrollarbeidet bygger på:

- Førre års budsjetttramme
- Delbudsjett Valle for Agder Kommunerevisjon IKS for 2025
- Vedteke budsjett for Agder Sekretariat for 2025

Kontrollbudsjett Valle kommune	Budsjettframlegg 2025	Vedteke budsjett 2024
Tilskot til revisjonen	Kr. 826.500	Kr. 786.500
Kommunen sin del av sekretariatstenester	Kr. 179.000	Kr. 157.000
Kontrollutvalets utgifter:		
Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste m.m.	Kr. 30.000	Kr. 30.000
Kurs og opplæring:	Kr. 40.000	Kr. 40.000
Beverting:	Kr. 5.000	Kr. 5.000
Andre konsulenttenester:(ekstra ressurser til forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll mv.)	Kr. 53.000	Kr. 53.000
Totalbudsjett	Kr. 1.133.500	Kr. 1.071.500

Framlegg til vedtak:

1. Kontrollutvalet tilrår en budsjetttramme for kontrollarbeidet i Valle kommune for 2025 på kr 1 133 500
2. Kontrollutvalets budsjettframlegg skal uendra følge det samla budsjettframlegget for kommunen til kommunestyret.

SAK 18/24 BESTILLING AV FORVALTNINGSREVISJON

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet «Planlegging og styring av investeringsprosjekt» og ber Agder Kommunerevisjon IKS legge frem prosjektplan i neste møte.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Vedteke plan for forvaltningsrevisjon 2023 – 2027

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret vedtok følgande i sitt møte 25.09.24 i sak om «Plan for forvaltningsrevisjon 2023 – 2027».

Kommunestyret sluttar seg til den framlagde "Plan for forvaltningsrevisjon for Valle kommune 2023- 2027, der følgande område/prosjekt prioriterast:

<i>Prioritet</i>	<i>Tema/sector/selskap</i>	<i>Aktuelt for forvaltningsrevisjon</i>
1.	<i>Teknisk enhet</i>	<i>Planlegging og styring av investeringsprosjekt</i>
2.	<i>Helsetjenesten i Bykle og Valle</i>	<i>Helsesamarbeidet</i>

Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å gjere eventuelle endringar i prioriteringa av aktuelle prosjekt, og til å sette i gong andre prosjekt dersom utvalet ser behov for det.

Kontrollutvalet er tilfreds med orienteringa frå kommunedirektøren i forhold til meirforbruket på pleie om omsorg og finn ikkje rom for å prioritere ressursar til vidare gjennomgang av dette.

Kommunestyret sluttar seg til kontrollutvalet si vurdering av orientering kring meirforbruket i PLO.

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet står fritt til å prioritere kva for eit prosjekt dei vil setje i gong. Ein vil foreslå at kontrollutvalet ber Agder Kommunerevisjon IKS om å starte arbeidet med eit nytt prosjekt. Utvalet må drøfte kva for eit prosjekt dei vil velje.

Vurderingar:

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal bruke for å sikre at kommunen drives på ein måte som ivaretek innbyggjarane sine behov og rettigheitar best mogleg. Forvaltningsrevisjon er ein av dei pålagte oppgåvene til kontrollutvalet. Gjennom forvaltningsrevisjon undersøker kontrollutvalet om kommunen etterlever regelverk, når fastsette mål og om ressursane forvaltast på ein effektiv måte. Fokus på å bidra til forbetring er eit viktig aspekt med gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Etter prioritering og bestilling av konkret prosjekt, vil det for forvaltningsrevisjonsprosjekt bli utarbeida ein prosjektplan som mellom anna omhandlar kva for nokre problemstillingar prosjektet tek sikte på å besvare. Utarbeiding av problemstillingar skjer i samarbeid mellom kontrollutvalet og kommunerevisjonen. Prosjektplanen skal godkjennast av kontrollutvalet før prosjektet kan påbegynnes.

Kontrollutvalet kan allereie nå gi signaler til revisjonen om kva som kan være aktuelle problemstillingar og kva ein ynskjer undersøkt i prosjektet. Problemstillingar (kva for nokre spørsmål som ønskes besvart), ressursbruk og framdriftsplan er sentrale element som må drøftast. Kontrollutvalet må ta stilling til kontrollens omfang basert på tilgjengelege ressursar.

Ein viktig føresetnad for å kunne gjennomføra prosjektet «Helsesamarbeidet» i helsetenesta i Bykle og Valle er at Bykle kontrollutval bestiller tilsvarande prosjekt. Helsetenesta er

organisert som eit vertskommunesamarbeid der Bykle kommune er vertskommune og Valle kommune er samarbeidskommune. Det er kontrollutvalet i vertskommunen som fører kontroll med verksemda på vegne av alle deltakarar i samarbeid jf. kommunelova §20-9.

Kontrollutvalet må i møte drøfte kva for eit prosjekt dei vil setje i gong. Revisor vil vere til stades i møte og kan svare på eventuelle spørsmål.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet «_____» og ber Agder Kommunerevisjon IKS legge frem prosjektplan i neste møte.

SAK 22/24 REVISOR ORIENTERAR

Handsaming i møte:

Rekneskapsrevisjon:

Hovudfokus på kartlegging og kontroller knytt til nye rutinar i samband med overgang til nytt rekneskapssystem og arbeid med forenkla etterlevelseskontroll no i haust.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar informasjonen frå revisor til orientering.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Bakgrunn for saka:

Det er kontrollutvalets ansvar å sjå til at det blir gjennomført revisjon i kommunen.

Revisor orienterar løpande gjennom året om relevante saker og tema. På denne måten held kontrollutvalet seg informert om det løpande revisjonsarbeidet.

Dei tema revisor orienterar om vil bli protokollført.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tar informasjonen frå revisor til orientering.

Fast post

Videre arbeid i kontrollutvalet: Neste møte i kontrollutvalet er 13.11.24

Eventuelt

Sekretariatet sjekkar opp dato/tidspunkt for neste møte og gjev tilbakemelding til medlemmane.

Referatsak

Ref. 08/24 Tilsynsrapport Statsforvaltaren – pedagogisk bemanning Valle kommune

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.